

Årsmelding 2023



Årsmelding 2023

Sogn og Fjordane Folkemusikklag

INNHALD

SAMANDRAG.....	s. 2
INNLEIING.....	s. 5
PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE.....	s. 5
Informasjon.....	s. 5
Folkemusikkarena.....	s. 6
Sogn og Fjordane-kapleiken.....	s. 6
TØFT.....	s. 6
UngLåt.....	s. 7
Vestlandskapleiken.....	s. 8
Folkedansespor.....	s. 9
Heimelaget.....	s. 9
Julebord.....	s. 10
Kulturpolitisk arbeid.....	s. 10
Organisasjon.....	s. 11
Styret 2023.....	s. 11
Administrasjon.....	s. 12
Rekneskap.....	s. 12
Årsmøte 2023.....	s. 12
Lokallagsbesøk.....	s. 12
Medlemmer, medlemskap og representasjon.....	s. 12
Utvalg av medlemmer og lokallag på Landskapleiken og Landsfestivalen....	s. 13
UTGJEVINGAR.....	s. 13
Arkivering.....	s. 13
Rolf Myklebust: "Slåttar i Nordfjordtradisjon".....	s. 14
Skumringstimen.....	s. 14
Andre utgjevingar som laget har for sal.....	s. 14
NETTPORTAL.....	s. 14
SOSIALE MEDIA.....	s. 15
FOND.....	s. 15
Rolf Myklebust Minnefond.....	s. 15
Mokursfondet.....	s. 16
SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR.....	s. 16

SAMANDRAG

2023 var eit aktivt og produktivt år i Sogn og Fjordane folkemusikklag. Vi er spesielt glade for at Aud Sissel Orheim trådde inn som styreleiar i folkemusikklaget på årsmøtet 16. april 2023, etter at styret opererte med flat struktur og utan styreleiar i 2022.

Folkemusikklaget har vorte meir synleg i sosiale media og på nettsida, og har vore representert på diverse møter og konferansar i andre organisasjonar, samt initiert samarbeid med fleire organisasjonar og aktørar for å nå sine mål om å spreie interessa for folkemusikk i Sogn og Fjordane.

Det har i år vorte starta opp fleire nye tiltak, samt utvida eksisterande tiltak. Sommarkurset UngLåt vart i 2023 utvida frå å vare i tre dagar til å vare i fire dagar. Det vart arrangert TØFT-samlinga på Skei i april, som var i år omlag på same størrelse som UngLåt var i 2022. Nye satsingar som Heimelaget og Folkedansespor, har bidrege til auka aktivitet og forhåpentlegvis meir glød og engasjement rundt folkemusikken og folkedansen i Sogn og Fjordane.

Folkemusikklaget i 2023

I 2023 hadde styret følgjande samansetning: Aud Sissel Orheim er styreleiar, Kirsten Friis, Berner Midthjell, Magnus Skjerdal, og Judith Vestreim er styremedlemmer. Varamedlemmer har vore: Marin Stallemo Bakke, Marie Nicolaisen og Sigmund Larsen. Dagleg leiar var framleis Nikolai Storevik.

Styret har hatt 7 styremøter og handsama 55 saker.

Laget hadde 497 medlemmer iflg. FolkOrg (656 året før iflg. årsmelding 2022) medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av desse var 59 born og unge under 18 år iflg. FolkOrg (90 året før iflg. årsmelding 2022).

Fond

Laget forvaltar Rolf Myklebust Minnefond med ein eigenkapital på kr. 26.753,81 ved årsskiftet 2023-2024. Desse midlane er innvilga til søkjarar etter ei utlysingsrunde i 2022, etter at det vart vedteke på Årsmøte 2022 at fondet skulle løysast opp. Siste rest av Myklebustfondet skal delast ut ila 2024 og 2025 etter at søkjarane har rapportert inn sine prosjekt som dei fekk tildelt midlar til.

Laget forvaltar òg Mo-kursfondet med eigenkapital på kr. 171.462,20 ved årsskiftet 2023-2024.

Prioriterte satsingsområde

I arbeidsprogrammet vedteke av Årsmøtet 2023 at folkemusikklaget skulle halde fram med å arbeide med følgjande fire satsingsområder:

Informasjon, folkemusikkarena, kulturpolitisk arbeid og organisasjon.

Informasjonsarbeid

Informasjon om folkemusikklaget sin aktivitet og anna relevant og lokal folkemusikk- og folkedansinnhald vert spreia via informasjonsbrev sendt på e-post til medlemmene, eller via laget si nettside og sosiale media.

Folkemusikklaget har lagt ned sin arrangermentskalender på heimesida, og nyttar no kalendaren FolkArr.no i staden ettersom den er meir brukarvennleg og dekkjer eit større område.

Folkemusikklaget sender òg ut pressemeldingar om sine arrangement til alle aviser og medier i Sogn og Fjordane, både før og etter arrangementet.

Folkemusikkarena

Sogn og Fjordane-kappleiken vart i 2023 arrangert av Naustedalen spelemannslag på Førde barneskule. På kappleiken deltok 170 deltakarar fordelte på 58 startnummer i både junior- og senior klassar. Det vart òg arrangert Smørbukkappleiken i høve S. og Fj.-kappleiken der i alt 44 born deltok. Dag Vanberg mottok vandrepremien i vokal, i spel var det Dagfrid Vallestad Brevik som fekk vandrepremie, og i dans var det Mari Andrea Ness og Atle Hoff. Dei to sistnemnde vann vandrepremiane for tredje gong på rad, og fekk dermed desse premiane til odel og eige. Vi takkar Naustedalen spelemannslag for arrangeringa av ein kjekk kappleik.

TØFT-prosjektet tok i 2023 form gjennom eit helgekurs på Skei skule 21.-23. april. På kurset fekk dei unge lære slåttar som skulle framførast av «Verdas største spelemannslag», eit prosjekt drive av Johanne Mjøs og Maria Toppe som samla mange born og unge frå heile Vestlandet til eit spelemannslag, på jubileumskonserten i høve FolkOrg 100 år i oktober.

UngLåt vart arrangert for tredje gong i år på Sunnfjord FHS i Førde i samarbeid med Førdefestivalen og Hordaland folkemusikklag. 25 born og unge deltok på årets sommarkurs som vart arrangert 4.-7. juli.

I 2023 var Vestlandskappleiken i Bergen 13.-14. oktober, arrangert av Bergen Ungdomslag Ervingen, Spelemannslaget Fjellbekken og Bygdedanslaget i Bjørgvin. 14. oktober arrangerte òg FolkOrg sin store jubileumskonsert i Grieghallen, som gjorde at det vart ein litt spesiell kappleik dette året med mange tilreisande.

Folkedansespor eit nytt tiltak i Sogn og Fjordane folkemusikklag i 2023. Tiltaket går ut på å gje born og unge i grunnskulen og vidaregåande skule kjennskap til dei eldste folkedanstradisjonane som t.d. springar og halling, samt runddansar som polka, vals og reinlendar osv. gjennom at lokale instruktørar driv danseundervisning i skular i Sogn og Fjordane.

Heimelaget, tidlegare kalla Sogn og Fjordane spel- og dansarlag, vart skipa av SFFL i 2023. Laget samla spelemenn og spelekvinne frå heile Sogn og Fjordane til tre

hyggelege samlingar på Skei, før laget tevla på Landsfestivalen i Førde i august der dei kom på 8. plass av 23. Deltakarane i laget har vist stor entusiasme for tiltaket, og flesteparten ynskjer at laget skal halde fram i 2024.

Folkemusikklaget arrangerte julebord for medlemmer og andre interesserte 2. desember på Thon hotell Jølster. Det vart ein kjekk avslutting på året med god mat, god musikk og dans.

Kulturpolitisk arbeid

Sogn og Fjordane folkemusikklag sende inn høyringsuttale til denne i høyringa om Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 i 2022. Uttalen førte til at folkemusikken og folkedansen fekk ein større del i planen som vart ferdigstilt i 2023, enn fyrsteutkastet før høyringa.

Aud Sissel Orheim var representant for folkemusikklaget på kulturkonferansen til Vestland fylkeskommune på Stord 23. november.

Folkemusikklaget fekk i 2023 innvilga heile 300.000 kr til å styrkje folkedansen i skulane gjennom prosjektet Folkedansespor.

Organisasjon

Sogn og Fjordane folkemusikklag signerte etter vedtak frå Årsmøte 2023 ei samarbeidsavtale med Hordaland folkemusikklag. Denne avtalen gjelder for einskilde samarbeidsprosjekt mellom områdelaga.

Folkemusikklaget har i 2023 samarbeida med fleire aktørar. Vi har samarbeida med hardingfela.no om m.a. Folkedansespor, og Førdefestivalen og Hordaland folkemusikklag om UngLåt. Vi har samarbeida med skular, lokale instruktørar og eldsjeler i Sogn og Fjordane gjennom Folkedansespor, og med lokallaga gjennom arrangering av kappleik og andre arrangement.

Vi har gode ressursar i styret som initierer tiltak stadig vekk, som kjem til syne gjennom tiltaka Folkedansespor, Heimelaget og julebord. Styremedlemmer er òg med som utsendingar diverse møter og konferansar.

INNLEIING

2023 var eit aktivt og produktivt år i Sogn og Fjordane folkemusikklag, og er det fyrste året sidan 2019 som var upåverka av koronanedstengingar. Medan det var lite aktivitet dei føregåande åra, har laget no gjort grep for å få opp att aktiviteten. Vi er spesielt glade for at Aud Sissel Orheim trådde inn som styreleiar i Folkemusikklaget på årsmøtet 16. april 2023, etter at styret opererte med flat struktur og utan styreleiar i 2022. Ho har teke til seg vervet med stor iver og skapa engasjement i laget.

Folkemusikklaget har vorte meir synleg i sosiale media og på nettsida og jobbar stadig med å nå ut med informasjon om aktuelle saker og hendingar i folkemusikk- og folkedanssamanheng. Laget har vore representert på diverse møter og konferansar i andre organisasjonar og har initiert samarbeid med fleire organisasjonar og aktørar for å nå sine mål om å spreie interessa for folkemusikk i Sogn og Fjordane.

Det har i år vorte starta opp fleire nye tiltak og laget har motteke og brukt meir tilskotsmidlar enn på lenge. Midlane har mellom anna gått til å halde fram med sommarkurset UngLåt, som i 2023 vart utvida med frå å vare i tre dagar til å vare i fire dagar. Midlar har gått til TØFT-samlinga på Skei i april, som var i år omlag på same størrelse som UngLåt var i 2022. Nye satsingar som Heimelaget og Folkedansespor, har bidrege til auka aktivitet og forhåpentlegvis meir glød og engasjement rundt folkemusikken og folkedansen i Sogn og Fjordane.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Formålsparagrafen til laget styrer all aktivitet. Arbeidsprogrammet, som vart vedteke av årsmøtet i 2023 byggjer på føringane i formålsparagrafen, §1 Føremål;

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Programmet hadde fire hovudpunkt: *Informasjon, Folkemusikkarena, Kulturpolitisk arbeid og Organisasjon.*

Informasjon

Informasjon om Folkemusikklaget sin aktivitet og anna relevant og lokal folkemusikk- og folkedansinnhald vart spreia via informasjonsbrev sendt på e-post til medlemmene, eller via laget si nettside og sosiale media. Folkemusikklaget er aktive på dei sosiale mediene, og dei ulike laga og andre relevante lokale folkemusikkarrangørar sine sosiale medie-sider vert sjekka jamnleg slik at folkemusikklaget kan spre informasjonen som vert posta der i sine kanalar.

Folkemusikklaget har lagt ned sin arrangementskalender på heimesida, og nyttar no kalendaren FolkArr.no i staden ettersom den er meir brukarvennleg og dekkjer eit større område. Der finn ein arrangement innan folkemusikk og folkedans frå heile landet. Dagleg leiar registrerer jamnleg arrangement i Sogn og Fjordane som han kjem over eller vert tipsa om der.

Folkemusikklaget sender òg ut pressemeldingar om sine arrangement til alle aviser og medier i Sogn og Fjordane, både før og etter arrangementet. Denne delen av informasjonsarbeidet er noko folkemusikklaget bør verte betre på, særleg når det gjeld promotering av Sogn og Fjordane-kappleiken i 2023, der vi skulle vore tidlegare ute med å sikre at det vart sendt ut pressemeldingar til avisane.

Folkemusikkarena

Sogn og Fjordane-kappleiken

For fyrste gong sidan 2019 vart det endeleg arrangert Sogn og Fjordane-kappleiken att. Kappleiken vart ikkje arrangert i 2020, 2021 og 2022 grunna pandemien. Naustedalen spelemannslag arrangerte Sogn og Fjordane kappleiken på Førde barneskule 14.-15. april, og fekk svært gode tilbakemeldingar på eit vellukka arrangement.

På kappleiken deltok omlag 170 deltakarar fordelte på 58 startnummer i både junior- og seniorklassar. Deltakartalet på årets kappleik vart lågare enn før pandemien, og det er klart at det må gjerast ein større innsats for å nå ut til fleire framover.

Vandrepremiane som sist vart delt ut i 2019, vart no delt ut på nytt til dei med høgast poengsum. I vokal var det Dag Vanberg, i spel var det Dagfrid Vallestad Brevik, og i dans var det Mari Andrea Ness og Atle Hoff. Dei to sistnemnde vann vandrepremiane for tredje gong på rad, og fekk dermed desse premiane til odel og eige. Dei yngste utøvarane i juniorklassene, fekk alle ein flott kopi av biletrykk signert av Oddvar Torsheim.

Det vart òg arrangert Smørbukkappleiken for dei mellom 0-16 år, der i alt 44 born deltok. Der kunne dei yngste vise fram eit innslag med song, dans eller spel. Etter at alle hadde framført sitt, leia Mari Andrea Ness og Elin Grytting ei økt med dans og leik. På slutten mottok alle ein velsmakande premie og ein diplom. Det vart òg delt ut diplom for mellom anna mest kreative kostyme og kulaste bukk (som i verbet bukk, og ikkje dyret).

I «Kappleikskaféen» vart det servert varm mat, middag og gode kaker kontinuerlig under kappleiken begge dagane. Dugnadsfolket i «kaféen» imponerte med all den gode maten dei «trylla fram» på kort tid.

Det kan òg nemnast at det var i desse tidene etter kappleiken at det vart sett i gong arbeid med å finne att protokollen frå dei fyrste Fylkeskappleikane i Sogn og Fjordane, denne vart til slutt funnen og er no i folkemusikklaget sitt lager etter å ha vore vekke i over 40 år.

TØFT

TØFT er eit rekrutteringsprosjekt for born og ungdom i Sogn og Fjordane som driv med folkemusikk og folkedans. Formålet med prosjektet er å samle og rekruttere born og ungdom mellom 9 til 18 år frå Sogn og Fjordane til sosiale ungdomssamlingar, kurs, konsertar eller dans. TØFT-prosjektet tok i 2023 form gjennom eit helgekurs på Skei skule 21.-23. april.

Det var i alt 26 born og unge som samlast på Skei skule for å spele folkemusikk saman, leia av dyktige instruktørar frå heile fylket. Målet var fyrst og fremst å samlast og treffe andre folkemusikkinteresserte frå fylket, men òg å øve til prosjektet «Verdens største spelemannslag». Dette er eit prosjekt drive av hardingfelespelarane Johanne Løkensgard Mjøs og Maria Skjeldrum Toppe i samarbeid med FolkOrg. Slåttane som vart lært vekk på TØFT-kurset vart framført på Jubileumskonserten til FolkOrg, tidlegare Landslaget for spelemenn, som vart 100 år i 2023. Konserten skjedde i Grieghallen 14. oktober, etter Vestlandskappleiken i Bergen. På konserten var born og unge frå resten av fylket med, noko som resulterte i eit skikkeleg storlag.

På TØFT-samlinga var det kurs i hardingfele, trekkspel, cello og fele. Slåttane som vart lært vekk var òg ein del av Maria Skjeldrum Toppe og Johanne Løkensgard Mjøs sitt nye bokutgjeving "Våre slåttar - eit læreverk for hardingfele", som vart lansert på Vestlandskappleiken i Jostedal i 2022. Læreverket består av eit repertoar med hardingfeleslåttar i stadig aukande vanskelegheitsgrad, samt QR-kodar til sakte og raske innspelningar av slåttane.

På fele var distriktsmusikarane i Gloppen og Sogn, Henrik Silfverhielm og Marin Stallemo Bakke instruktørar. På cello var Live Norberg frå Bergen instruktør. På trekkspel kom naustedølen Emil Horstad og heldt kurs. Maria Skjeldrum Toppe og Johanne Løkensgard Mjøs tok seg av dei unge hardingfelespelarane. Ingrid Schei Stuhaug var kursleiar.

Helga var vellukka, og kursleiar fekk mykje god tilbakemelding på opplegget, maten frå Skei servicesenter, artige fellesaktivitetane med leik og dans, og dei dyktige og kjekke instruktørane. Kurset vart avslutta med ein konsert, der deltakarane kunne vise fram det dei hadde lært, og foreldra som høyrde på var svært imponert over alt dei hadde lært.

UngLåt

UngLåt, det vestlandske sommarkurset for barn og unge mellom 9 og 18 år med interesse for folkemusikk og -dans, vart arrangert for tredje gong i 2023. 25 born og unge var med på kurs i hardingfele, fele og trekkspel. Deltakarane var frå både Sogn og Fjordane og Hordaland, og nokre enkelte andre stader i landet. Kurset skjedde på Sunnfjord Folkehøgskule 4.-7. juli, som er ein dag meir enn året før. Dette var for at deltakarane skulle verte betre kjende. UngLåt vart arrangert i samband med Førdefestivalen som vart arrangert 6.-10. juli, og deltakarane var òg med som publikum på opningskonserten på festivalen. Dei var òg med på dansen i Førdehuset i etterkant, noko dei synast var artig. Fleire synast det var så kjekt at dei ville vere att lenger på dansen då det var tid for å reise tilbake til folkehøgskulen.

Kurset fekk mykje god tilbakemelding frå lærarar, deltakarar og foreldre. Fleire nemnde at det var bra det var så sosialt, og at det var mykje å gjere på Sunnfjord

folkehøgskule når det ikkje var kurs eller fellesaktivitetar. Fasilitetane på Sunnfjord folkehøgskule gjer staden til ein eigna plass for slike kurs. Der er gode og rimelege overnattingsrom, god mat og aktivitetar som brettspel, biljard, airhockey, fussball, ping pong, gymssal, volleyballbane m.m. I tillegg var det kjekt at det var dans, quiz og valfag på UngLåt, sa deltakarane. Kursa var lærerike og deltakarane fekk god oppfølging. Særleg var det påpeika at eit firedagars kurs gjorde det lettare å få lært slåttane godt, enn dersom det varte i kun tre dagar. Deltakarar kunne òg seie ifrå om kva som kunne gjort kurset endå betre, noko som vi kan nytte i planlegginga av neste års kurs.

I løpet av dagane fekk deltakarane lære seg slåttar som dei kunne framføre på hentekonserten på fredagen som var siste kursdag. Der fekk kvar av dei 6 gruppene framføre det dei hadde lært på kurset. På slutten av konserten samlast alle deltakarane seg til fellesnummeret "UngLåt-marsjen" som Bjørn Kåre Odde hadde komponert til anledninga.

Vestlandskappleiken og Jubileumshelg i høve FolkOrg 100 år

I 2023 var det Hordaland sin tur å huse Vestlandskappleiken. Den føregjekk i Bergen 13.-14. oktober, arrangert av Bergen Ungdomslag Ervingen, Spelemannslaget Fjellbekken og Bygdedanslaget i Bjørgvin. Kappleiken fann stad på Kulturhuset Gimle i Kong Oscars gate og hadde i alt 73 påmeldingar.

Kappleiken hadde fleire påmeldingar og publikum enn forventa iflg. arrangøren. Dette var truleg på grunn av at 14. oktober arrangerte òg FolkOrg sin store jubileumskonsert i Grieghallen. Grunna mange påmeldingar og stramt tidsskjema, måtte arrangøren difor ta ei beslutning og ikkje tillate etterpåmeldingar, som gjorde at mange ikkje kunne delta. Det er likevel ingen tvil om at dette var ei kjekk og minnerik helg, med mange tilreisande frå heile landet. Spesielt kjekt var det å sjå ungdommar frå Vestlandet opne kappleiken med ein konsert der dei både spelte og dansa, både i grupper og solo. Desse ungdommane var med i eit folkemusikkfordjupningsprosjekt som er initiert av BUL Ervingen og Bergen kulturskule.

Det vart i etterkant av Vestlandskappleiken skipa til eit leiarmøte, som har vore ein tradisjon. Her var 14 lokallag frå Vestland fylke representert i tillegg til Sogn og Fjordane folkemusikklag og Hordaland folkemusikklag. I førekant av dette møtet har det vore lagt ned eit arbeid i å få synspunkt frå lokallaga om korleis framtida av Vestlandskappleiken skulle sjå ut. Møtet førte til eit framlegg om endring av vedtektene av kappleiken som tillet m.a. junior/senior-inndeling i staden for ABCD-inndeling av klassar, meir fleksibel dommarordning som tillet andre dommarsamansetningar, samt blanding av runddans og bygdedans i tevlingane. Dette for å gjere kappleiken enklare å arrangere i ei tid det ikkje er like stor vilje og/eller ressursar i lokallaga til å arrangere kappleikar. Vi vonar difor at dette kan bidra med å gjere det enklare å arrangere, slik at kappleiken kan halde fram langt inn i framtida.

Folkedansespor

Hausten 2022 og våren 2023 etablerte Sunnfjord kulturråd v/styremedlemmane Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal prosjektet Folkedans i Sunnfjordskulen over 6 veker for elevar på Vassenden skule, Naustdal skule, Flatene skule og Viksdalen skule. Sunnfjord kulturskule v/ Ole Nilssen og Ingrid Schei Stuhaug spelte trekkspel og fele til danseundervisinga.

Sogn og Fjordane folkemusikklag gjennomførde også ein times prøveprosjekt på Eid ungdomskule og nokre skular i Sunnfjord der tidlegare nemnde distriktsmusikarar var aktørar.

Styremedlem Kirsten Johanne Friis har delteke på ildsjelsamlingane «Store dansespor» på Norsk Senter for folkemusikk og folkedans på NTNU i Trondheim 4.-5. nov 2022, 13.-15. mars 2023, og 1.-3. mars 2024.

Ut frå positive tilbakemeldingar på nemnde danseprosjekt og inspirasjon frå deltaking på «Store dansespor», etablerte Sogn og Fjordane folkemusikklag prosjektet «Folkedansespor i skular i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord».

Dette er eit rekrutteringsprosjekt som vi håpar kan føre til auka deltaking i folkedansmiljø i lag, organisasjonar , etablerte aktivitetar og nyskaping i heile Sogn og Fjordane.

Prosjektet går ut på å gje born og unge i skular i Sogn og Fjordane kjennskap til dei eldste folkedanstradisjonane som t.d. springar og halling, samt runddansar som polka, vals og reinlendar osv. gjennom undervisning i skular. Til å undervise har laget leigd inn lokale danseinstruktørar og folkemusikarar til å spele til. Vi har avtalar med dyktige utøvarar og pedagogar til dette prosjektet, som òg er lokale tradisjonsbærarar. Dei involverte i prosjektet er Asbjørg og Arne M.Sølvberg i Nordfjord, Øygunn og Johannes Kjos, Eldbjørg og Arne Fossøy med Helene Myklemyr som spelekvinne i Sogn, og Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal med Ole Nilssen, Sigmund Eikås og Jøran Vallestad som spelemenn i Sunnfjord. Folkedansespor er eit tiltak vi er svært kry av og som favnar breidt. I Sunnfjord, der dei har drive lengst med dette prosjektet før det «spreidde seg» til Sogn og Nordfjord, har elevane med instruktørane hatt danseframсыningar på Bornas verdsdag 19. november 2022 (60 elevar) og Kulturatta i Førde 09.juni 2023 (20 elevar). Dei deltok også med danseframсыning for foreldra på juleavslutninga på Førde ungdomsskule, der heile 80 born deltok med springar og parhalling.

Folkemusikklaget held fram med prosjektet i 2024.

Heimelaget

Heimelaget, tidlegare kalla Sogn og Fjordane spelemannslag, vart skipa av SFFL i 2023. Laget samla spelemenn og spelekvinner frå heile Sogn og Fjordane til tre hyggelege samlingar på Skei før dei tok turen til Landsfestivalen i Førde i august. Laget var i utgangspunktet kalla Sogn og Fjordane spel- og dansarlag, men dansarlaget var det dessverre for liten interesse for til at folkemusikklaget kunne skipe til. Laget fekk namnet «Heimelaget» på ei av samlingane på Skei.

På Landsfestivalen fekk Heimelaget varma godt opp med ei gjennomspeling og dansespel kvelden før, samt ei god øving og generalprøve før laget gjekk på scena fredag 4. august. Resultatet vart ein 8. plass på resultatlista, som dei er svært fornøgde med med tanke på at det var i alt 23 lag som deltok. Målet var ikkje fyrst og fremst å kome til topps på lista, men å kunne treffast på tvers av kommunegrensar og spele og ha det hyggeleg saman. Dette målet kan vi i alle fall seie var nådd så det held, og folkemusikklaget vil med dette takke alle som var med i laget og bidrog til god klang, god trøkk og god stemning. Vi vil rette ein særleg takk til Vidar Underseth som har vore musikalsk leiar, og har spelt inn opptak av slåttane i førekant, køyrd i mange timar frå Ålesund til Skei og tilbake, og losa laget trygt gjennom øvingane, dansespelelinga og tevlinga.

Julebord

Folkemusikklaget arrangerte julebord for medlemmer og andre interesserte 2. desember på Thon hotell Jølster.

Før julebordet var 20 av deltakarane med på eit kurs leia av Knut David Hustveit. Kurset gav ei god innføring og øving på stega i runddans, og det vart dansa reinlender, hamborgar, vals og strekkbuksepolka.

Ettersom bufféen var litt forsinka, måtte styret i Folkemusikklaget trø til med litt ad hoc underhaldning. Det vart velkomstord av styreleiar Aud Sissel Orheim, fellessong før maten, songinnslag av Magnus Skjerdal og eit stev av Judith Vestreim, samt ei historie av Berner Midthjell. Thon Hotel Jølster serverte så ei god middagsbuffé med julemat. Kvelden heldt fram med flott dansemusikk, framført av Indre Sunnfjord Spelemannslag, Randis Gammeldansorkester, Eid Spelemannslag og Fjellklang Spelemannslag.

Kvelden vart avslutta med dans, der det var aktivitet på gulvet heile tida, og god stemninga hjå dei omlag 150 personane som var der. Ein fin miks av god mat, musikk og dans skapte ei triveleg atmosfære for årets julebord.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag rettar ein stor takk til alle deltakarar, musikarar og hotellet for ein minneverdig kveld.

Kulturpolitisk arbeid

Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 var på høyring med høyringsfrist 4. november 2022. Sogn og Fjordane folkemusikklag sende inn høyringsuttale til denne høyringa, der vi talte folkemusikkens og folkedansen si sak. I høyringsuttalen folkemusikklaget sende inn skreiv laget at vi sakna ei konkretisering av bindande tiltak på spesifikke interessefelt som til dømes folkemusikk, -song og -dans, og ynskjer eit eige avsnitt til nettopp dette feltet. Uttalen førte til at folkemusikken og folkedansen fekk ein større del i planen, enn fyrsteutkastet. Du kan lese meir om den regionale planen på Vestland fylkeskommune sine heimesider.

Aud Sissel Orheim var representant for folkemusikklaget på kulturkonferansen til Vestland fylkeskommune på Stord 23. november.

Folkemusikklaget fekk i 2023 innvilga heile 300.000 kr til å styrkje folkedansen i skulane gjennom prosjektet Folkedansespor, der lokale instruktørar underviser i grunnskular i Sogn og Fjordane. Tilskota kom frå Vestland fylkeskommune og Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

Organisasjon

Sogn og Fjordane folkemusikklag signerte etter vedtak frå Årsmøte 2023 ei samarbeidsavtale med Hordaland folkemusikklag. Denne avtalen gjelder for einssilde samarbeidsprosjekt mellom områdelaga.

Folkemusikklaget har i 2023 samarbeida fleire aktørar. Vi har samarbeida med hardingfela.no om Folkedansespor og UngLåt. Vi har samarbeida med skular, kulturskular, distriktsmusikarar, lokale instruktørar og eldsjeler i Sogn og Fjordane gjennom Folkedansespor. Vi har òg samarbeida med lokallaga gjennom arrangement av kappleik og andre arrangement.

Vi har gode ressursar i styret som initierer tiltak stadig vekk, som kjem til syne gjennom tiltaka Folkedansespor, Heimelaget og julebord. Styremedlemmer er òg med som utsendingar til lldsjelsamlingane i høve tiltaket Dansespor av Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Vestland musikkråd, Kulturkonferansen til Vestland FK, Førdefestivalen, lokallagsbesøk, og andre diverse møter. Vi ynskjer òg i framtida å bidra med meir rettleiing og rådgjeving til lokallaga, særleg til når det gjeld arrangement av kappleikar.

Styret i 2023

Det nye styret etter valet på årsmøtet 2023 er dette:

Aud Sissel Orheim (styreleiar)	på val i 2024
Kirsten Johanne Friis	på val i 2025
Judith Vestreim	på val i 2025
Berner Midthjell	på val i 2024
Magnus Skjerdal	på val i 2024
Varamedlemmer	på val kvart år
1. Marin Stallemo Bakke	
2. Marie Nicolaisen	
3. Sigmund Larsen	

Styret har hatt 7 styremøte i 2022 og handsame 55 saker. Tre av møta halde som fysisk møte og 4 vart avvikla som nettmøte.

Administrasjon

Dagleg leiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag er Nikolai Storevik som vart tilsett som dagleg leiar i 2022.

Rekneskap

Rekneskapen vert ført av ØKONOMISERVICE AS som er lokalisert i Lærdal. Dette er eit autorisert rekneskapsbyrå. Det medfører at vi ikkje treng velje vår eigen revisor.

Årsmøte 2023

Årsmøtet i 2023 vart halde på Førde barneskule i etterkant av Sogn og Fjordane-kappleiken. 8 lokallag møtte med i alt 13 representantar. Frå styret deltok Kirsten Johanne Friis (møteleiar), Berner Midthjell, Magnus Skjerdal og Judith Vestreim. Dagleg leiar Nikolai Storevik var referent. Frå valnemnda møtte Knut David Hustveit og Aud Sissel Orheim, og som observatør møtte Einar Eimhjellen. Protokollen frå møtet kan lesast på folkemusikklaget.no --> Folkemusikklaget --> Årsmeldingar/Årsmøteprotokollar.

Lokallagsbesøk 2023

Styremedlemmene Magnus Skjerdal og Berner Midthjell drog i november til Dalsfjorden spelemannslag på lokallagsbesøk, for å høyre med dei om den generelle ståda i laget.

Medlemmer, medlemskap og representasjon

Laget hadde 497 medlemmer iflg. FolkOrg (656 året før iflg. årsmelding 2022) medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av desse var 59 born og unge under 18 år iflg. FolkOrg (90 året før iflg. årsmelding 2022). Som tidlegare er 20 lokallag tilslutta områdelaget.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:

- FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen)
- Vestland Musikkråd der styremedlem i SFFL Berner Midthjell er med i styret. Judith Vestreim er vara.
- Rådet for hardingfela.no

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2023 vore representert på:

- Kulturkonferansen til Vestland Fylkeskommune på Stord 23. november ved Aud Sissel Orheim og Berner Midthjell
- Representantskapsmøte i Førdefestivalen 12. desember v/Nikolai Storevik
- Leiarmøte etter Vestlandskappleiken i Bergen v/dagleg leiar og Aud Sissel Orheim
- Årsmøte i Vestland musikkråd 26. april ved Aud Sissel Orheim, Berner Midthjell og Judith Vestreim.
- Landsmøte i FolkOrg 21.-23. april ved Aud Sissel Orheim

- Ildsjelsamlinga 10.-12. mars som er ein del av folkedansprogrammet til NSFF som heiter Dansespor v/Kirsten Johanne Friis

Utvalg av medlemmer og lokallag på Landskappleiken og Landsfestivalen

Det var fleire frå lokallaga i Sogn og Fjordane som deltok på Landskappleiken og Landsfestivalen i 2023, og ettersom det er mange å nemne, trekker vi fram nokre få her:

- Emil Horstad frå Naustedalen spelemannslag kom på 1. plass i andre instrument på Landsfestivalen.
- Nordbygda spel- og dansarslag kom på 1. plass i lagdans på Landsfestivalen.
- Gaular spelemannslag kom på 3. plass i lagspel fele/hardingfele på Landsfestivalen, med Gamlebanken rett bak.
- Anne Louise Drevdal og Tormod Øvrebø frå Jostedal spel- og dansarlag kom på 1. plass i pardans senior på Landsfestivalen. Audhild Molland og Kjell Einar Ormberg frå same lag kom på 5. plass.
- Baste og Arve (Baste Anthun og Arve Bjørn Røneid) kom på 1. plass i samspel senior på Landsfestivalen.
- Åsmund Arnesen Farstad frå Spelemannslaget Fjelljom kom på 3. plass i fele klasse B og 2. plass på hardingfele klasse B på Landskappleiken.
- Erlend Apneseth frå Indre Sunnfjord spelemannslag kom på 3. plass i hardingfele klasse A på Landskappleiken.
- Dag Vanberg kom på 2. plass i vokal klasse D på Landskappleiken.

Resultatlistene for LK og LF kan ein sjå på nettsida resultat.folkorg.no.

Resultatlistene for Vestlandskappleiken kan ein sjå på vestlandskappleiken.no.

Resultatlistene for Sogn og Fjordane-kappleiken kan ein sjå på sognogfjordanekappleiken.no.

UTGJEVINGAR

Sogn og Fjordane folkemusikklag har eit lager med notehefter og CDar som ligg ute for sal. Oversikt ser du nedanfor. For informasjon om prisar og bestilling, finn ein dette på nettsida folkemusikklaget.no --> NOTEHEFTER OG CDAR.

Arkivering

Folkemusikklaget gjorde i 2023 eit arbeid for å arkivere sitt lager i Fylkesarkivet, og sende to eksemplar kvar til arkivet, slik at desse ikkje går tapt i framtida. Enkelte av hefta som var i lageret var det òg kun eit av, og dei nesten alle hefta og CDane som vart sende til arkivering hadde ikkje fylkesarkivet frå før.

Rolf Myklebust: «Slåttar i Nordfjordtradisjon».

Rolf Myklebust sine seks notehefte med Slåttar i Nordfjordtradisjon vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Laget har 90 av hefte nr. 1, 82 av hefte nr. 2, 96 av hefte nr. 3, 83 av hefte nr. 4, 137 av hefte nr. 5 og 127 av hefte nr. 6 på lageret sitt.

«Skumringstimen» - vokal folkemusikk frå Sogn og Fjordane:

Boka Skumringstimen vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har 29 hefter på lager ved utgangen av året.

Andre utgjevingar som laget har for sal:

(Tala i parentes viser restopplaget. pr. 31.12.23)

Notehefter:

- Lars Hjelbakk: *17 slåttar* (17 stk.)
- Einar Eimhjellen: *Slåttar og spelemenn i gamle Naustdal* (7 stk.)
- *Slåttar frå Jølster* (3 stk.)
- *Steindalsslåttar* (1 stk.)

Cdar:

- Sigmund Eikås: *På hogg og belegg* (11 stk.)
- Einar Eimhjellens gammaldansorkester: *Jenta va mi, se du* (1 stk.)
- Naustedalen SL: *Dans i Fosshalla* (6 stk.)
- Sigurd Eldegard: *Hardingfele* (195 stk.)

NETTPORTAL

Folkemusikklaget eig domena folkemusikklaget.no, unglaat.no, sognogfjordanekappleiken.no, og vestlandskappleiken.no. Fyrstnemnde har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Folkemusikklaget
- TØFT
- UngLåt
- Sogn og Fjordane-kappleiken
- Vestlandskappleiken
- Kalender --> Vidaresender deg til FolkArr.no
- Notehefter og CDar

Her vert det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker. Sakene på nettportalen blir såleis publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene og andre relevante aktørar, samt dagleg leiar sin jamnlege oppsøking av informasjon.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i Sogn og Fjordane og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement i fylket.

SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på Facebook med kring 1000 følgjarar. Her vert det vidareformidla eigne nyhende frå nettportalen og delt vidare folkemusikk-hendingar, relevante avisinnlegg m.m. Det har vore lagt spesielt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane, men det kjem òg av og til innlegg frå hendingar elles i fylket og relevante nasjonale hendingar. Laget har òg ein eigen konto på Instagram med omlag 360 følgjarar.

FOND

Sogn og Fjordane folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond

På Årsmøte 2022 vart det vedteke at alle midlane i Rolf Myklebust Minnefond kunne delast ut utan grense for storleiken på kvar tildeling, og at fondet skulle avsluttast når kontoen var tom. Det vart lyst ut resten av midlane med ein frist 1. desember 2022. Vedtak om tildeling av midlane vart gjort 10. januar 2023.

I 2023 vart det delt ut midlar frå Myklebustfondet til følgjande prosjekt:

- Gruppa Nygamle svsker ved Magnus Skjerdal mottok kr. 31.200 til innspeling av album med Ola Haugland sine slåttar.
- Marthe Aa mottok kr. 7.800 til bokutgjeving med slåttar og songar, samt historiane om slåttane, songane, dansane og utøvarane frå Hyen.
- Elin Grytting mottok kr. 23.400 til CD - utgjeving med teksthefte av arkivmateriale med folkesongaren og spelemannen Paul Berstad.
- Krudlalaget ved Judith Vestreim mottok kr. 19.500 til bokutgjeving i høve Krudlalaget 35 år med tittel «Songs katten frå Sogn og Fjordane»
- Hornindal spelemanslag ved Gunnhild Sindre mottok kr. 23.400 for CD - utgjevinga «Til minne om Lars Hjellbakk»

Ved tildeling mottok søkjarane 75% av midlane som vart innvilga, dei resterande 25% vert utdelt etter at søkjarane har sendt inn rapport ved prosjektslutt. Ved årsskiftet 2023-2024 hadde difor Rolf Myklebust Minnefond ein eigenkapital på kr. 26.753,81.

Les meir om fondet på folkemusikklaget.no → FOLKEMUSIKKLAGET (fane) → Rolf Myklebust Minnefond (fane)

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011 og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. No vert ikkje Mokurset arrangert lenger f.o.m. 2019, grunna økonomiske årsakar og låge påmeldingstal. UngLåt er arvtakaren til Mokurset. Ettersom dette kurset ikkje vert arrangert på Mo jordbruksskule, men på Sunnfjord FHS, er det ikkje naturleg å kalle dette kurset for Mokurset.

Midlar i Mofondet vert no nytta til å dekkje eit eventuelle driftsunderskot frå UngLåt, og til å gjere investeringar i UngLåt etter vedtak i styret. Det har ikkje vorte nytta midlar frå Mokursfondet i 2023, men overskotet frå UngLåt 2022 vart overført til dette fondet i 2023. Fondet sto difor pr. 31.12.23 med kr. 171.462,20 i eigenkapital.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Laget vil med dette rette ei stor takk til alle desse:

- Vestland fylkeskommune
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Bergesenstiftelsen
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Sparebanken Vest
- Frifond
- Førdefestivalen
- Frifond
- FolkOrg
- Luster sparebank
- Hordaland folkemusikklag
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Naustedalen spelemannslag for arrangement av Sogn og Fjordane-kappleiken
- Hardingfela.no
- Lokallaga i Sogn og Fjordane
- Søkjarar til Rolf Myklebust Minnefond
- KOMP
- Distriktsmusikarar, skular og kulturskular
- Og ikkje minst eldsjelane våre